



Arkivnr: 2014/598-15

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		02.06.2015
Fylkesutvalet		18.06.2015

## Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettfordeling nr. 3 - 2015

### Samandrag

I budsjettet for 2015 er det løyvd 125 million kroner til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. I framlegget til tertialrapport for 1. tertial 2015 er denne løyvinga foreslått redusert til 100 million kroner. Så langt i år er det brutto disponert 55,5 million kroner av løyvinga til einskildprosjekt. I denne saka rår ein til at det vert løyvd til saman 19,7 million kroner til prosjekter ved Årstad vgs, Austevoll vgs, Os vgs og Odda vgs.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	639.020.00	02320	02143	Årstad vgs – Bygg C - Rehabilitering	5 000 000	
10	646.020.00	02320	03236	Os vgs – Utbetring av ventilasjon	7 000 000	
10	648.020.00	02320	03230	Austevoll vgs. – Inneklima	2 700 000	
10	628.020.00	02320	02131	Odda vgs skole – Yrkesfagb. – rehab.	5 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		19 700 000
				19 700 000	19 700 000	

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Nils E. Vetlesand  
Kst. fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 20.05.2015**

I budsjettet for 2015 er det løyvd 125 million kroner til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. I framlegget til tertialrapport for 1. tertial 2015 er denne løyvinga foreslått redusert til 100 million kroner. Så langt i år er fordelt totalt 55,5 million kroner til einskildprosjekt, men skissert at deler av dette i ettertid bør finansierast med fondsmidlar. I denne saka rår ein til at det vert løyvd midlar til følgjande prosjekt:

**Årstad vgs – Bygg C - Rehabilitering av yttervegger/fasader og tak**

Rehabiliteringer av bygg C er ikkje inkludert i det store prosjektet som pt. pågår ved skulen. Kartlegging syner likevel at bygget har behov for utbetringar. Bygget har mellom anna vatnlekkasje knytt til tak og fasade, samt at dei ikkje held eit tilfredsstillande nivå når det gjeld isolering og Enøk.

Bygget si utforming og størrelse gjer at det er naturleg å gjennomføre ei samla prosjektering i forkant før ein eventuelt gjennomfører rehabilitering av yttervegg/fasade og tak. I denne saka rår ein difor til at det vært løyvd 5 million kroner til prosjektering. Når prosjekteringa er gjennomført vil ein kome attende med nye saker knytt til godkjenning av kostnadsramme og løyvingar til utbetring.

Ei total rehabilitering av bygningen vil være eit svært omfattande og kostbart prosjekt, og ligg ikkje inne i gjeldande fylkeskommunale prioriteringar.

**Os vgs – Utbetring av ventilasjon A-bygget**

Fylkesutvalet løyvde isak 71/2014 5 million kroner til oppstart av prosjektet. Basert på arbeidet som er gjort så langt samt kalkyle for vidare prosess rår ein til at det vert løyvd ytterlegare 7 million kroner til prosjektet slik at prosjektet blir fullfinansiert. Når prosjektet er fullført vil ein mellom anna ha skifta alt av kanalnett i bygget samt gjennomført einskilde bygningsmessige tiltak knytt himlingar, lysarmatur, el-anlegg og utbetring UU.

**Austevoll vgs – Inneklima**

Det er tidlegare løyvd totalt 6,5 million kroner til prosjektet. I samband med løyving gjeve i FU-sak 33/2014 er det og visst til forsikringsoppgjær etter brann og at det er behov for å få koordinert ulike prosjekt ved skulen. Forsikringsoppgjæret er enda ikkje avklart, og det vil truleg fortsatt ta noko tid før det er klart. Det ein ser er at det har blitt større utfordringar og kostnader knytt til bygningsmessige forhold, og spesielt elektro, for samtlege prosjekt ved skulen, mellom anna som følgje av brannen og at mykje av desse kostnadane må fylkeskommunen dekkje sjølv. Vidare har prosjektet fått høgare kostnader knytt til tømrar enn forventa. Med den uvissa som er i forhold til forsikringsoppgjær rår ein til at prosjektet vert fullfinansiert frå årets løyving for ombyggingsmidlar og at det vert løyvd 2,7 million kroner til prosjektet.

**Odda vgs skole - yrkesfagbygget rehabilitering/ombygging**

Det er gjort ei utgreiing om trong for rehabilitering og ombygging av det gamle yrkesskulebygget med tilhørande kostnadskalkyle på 115 mill. kr. Rapporten visar at ei oppgradering av skulebygget er turvande og ein vil difor gå vidare med prosjektering av naudsynte tiltak. Til dette arbeidet ber ein om ein løyving på 5 mill. kr. Ein vil komme attende i eigne saker om midlar til gjennomføring av tiltaka. Ein tek sikte på å starte byggearbeida i 2016.